



**Dato:** 03.07.2007

Haugsvær Tomtelag v/Arne Kvamsdal

5983 HAUGSVÆR

**Vår ref.**  
07/607-2/N-564/LMI

**Dykkar ref.**

## Søknad om drift og vedlikehald av veglys på Haugsvær

Viser til søknad frå dykk om at kommunen tar drift og vedlikehald av 9 stk veglys i det nye feltet på Haugsvær når de sjølv står for utbygging og kostnader ved etablering.

Det er no kome krav om at kommunane skal utarbeida eigen miljøplan der kommunen etablerer tiltak for å spara energi og driva miljøvennleg. Kommunen sin bruk av straum vil også verta gjennomgått i samband med ein slik plan, og det kan koma endringar i høve til tidlegare praksis også for drift av veglysai kommunen. Rådmannen vil peika på at det er viktig at nye veglys vert etablert slik at dei er miljøvennlege og kan slåast av i sommarhalvåret,.

I tråd med tidlegare praksis stadfester rådmannen at kommunen vil ta driftskostnadene med veglysa når dei er etablerte. Drift av veglys må då følgja dei retningslinene som kommunen til ei kvar tid vedtek.

Med helsing

Lovisa Midtbø  
rådmann